



VINDAFJORD KOMMUNE

Møteprotokoll

Utval: Ungdomsråd
Møtestad: Rådhuset
Dato: 20.11.2025
Tid: Kl. 16:00 - 18:00

Følgande medlemmer møtte Parti

Astrid Håvarstein Lothe

Hallvard Øvstedal

Ole Byrkja Hystad

Sofie Ihle

Lovise Skrunes

-

Forfall

Rut Jøri Mangrud Eidhammer

Sigrun Risøy

Parti

-

Varamedlemmer

Aleksander Brekke

Linnea Bergsvik Knudsen

Parti

Møtenotater:

Kunngjering av møtet på kommunen si heimeside

Innkalling med saksdokument vart sendt til medlemmene 11.11.25.

Møte vart leia av leiar Lovise Skrunes

Frå administrasjonen:

Ingebjørg R. Gjerde, kommunalsjef HR og lønn

Anne Mette Klungland, politisk sekretær

Leiar i OPOM, Anne Cecilie Berentsen

Ingen merkandar til innkalling og saksliste.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
017/25	Godkjenning av møteprotokoll
018/25	Orienteringssaker
019/25	Referatsaker
020/25	Plan for førebygging av omsorgssvikt og utvikling av åtferdsvanskar 2026-2030
021/25	Budsjett 2026 og økonomiplan 2026–2029
022/25	Spørsmål til administrasjonen

017/25 Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen frå forrige møte vert godkjent som han ligg føre.

20.11.2025 Ungdomsråd

Behandling

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart einstemmig vedtatt med 7 stemmer.

VUR - 017/25 Vedtak:

Møteprotokollen frå forrige møte vert godkjent som han ligg føre.

018/25 Orienteringssaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Orienteringssakene vert tekne til etterretning.

20.11.2025 Ungdomsråd

Behandling

- Merete Velde frå integreringstenesta orienterte om Integreringsrapport , 2. tertial 2025.
- Lovise Skrunes, informasjon frå ungdomens fylkesrådsmøte og ungdomskonferanse som ho deltok på 8. november. Ho er blitt vald inn som medlem av ungdomens fylkesråd i Rogaland.
- Gaute Hennig, areal og forvaltning, orienterte om kommuneplanen for naturmangfald.
- Vikedal laugarlag v/ Jane Austrheim orienterte om badstu-prosjekt i Vikedal.

VUR - 018/25 Vedtak:

Orienteringssakene vert tekne til etterretning.

019/25 Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Skriva og meldingane vert tekne til orientering.

20.11.2025 Ungdomsråd

Behandling

Eit samla ungdomsråd tok saka til orientering og støtta kommunedirektøren sitt forslag til vedtak.

I referatsak RS 007/25 Høyring om å gjera det obligatorisk å tilby arbeidslivsfag på ungdomstrinnet, ønska melemene å koma med dette svaret:

Me i ungdomsrådet i Vindafjord kommune tenker det er positivt å gjera det obligatorisk for skular og private skular og tilby arbeidslivsfag på ungdomskulen.

Det gjer at folk kan velja noko anna enn språk og gjera det valfritt å læra seg eit nytt språk.

Mange ser det ikkje relevant å læra seg eit nytt språk og det kan bli mykje stillesitjing. Dette kan føra til uro i timane, og at det kan dra ned snittet. Det kan for desse vera meir motiverande å gjera noko praktisk og ein kan utvikla eigne interesser, spesielt retta mot yrkesfag på vidaregåande. Dei som kanskje då ikkje ville opplevd meistring i språk kan oppleve dette gjennom praktiske oppgåver ein får i arbeidslivsfag. Ein kan få erfaringar ein kan ta med seg vidare i livet og som er større sannsynleg å få bruk for i det seinare liv.

Med vennleg helsing ungdomsrådet i Vindafjord Kommune

VUR - 019/25 Vedtak:

Ungdomsrådet tek saka til orientering og støttar kommunedirektøren sitt forslag til vedtak.

I referatsak RS 007/25 Høyring om å gjera det obligatorisk å tilby arbeidslivsfag på ungdomstrinnet, ønska melemene å koma med dette svaret:

Me i ungdomsrådet i Vindafjord kommune tenker det er positivt å gjera det obligatorisk for skular og private skular og tilby arbeidslivsfag på ungdomskulen.

Det gjer at folk kan velja noko anna enn språk og gjera det valfritt å læra seg eit nytt språk.

Mange ser det ikkje relevant å læra seg eit nytt språk og det kan bli mykje stillesitjing. Dette kan føra til uro i timane, og at det kan dra ned snittet. Det kan for desse vera meir motiverande å gjera noko praktisk og ein kan utvikla eigne interesser, spesielt retta mot yrkesfag på vidaregåande. Dei som kanskje då ikkje ville opplevd meistring i språk kan oppleve dette gjennom praktiske oppgåver ein får i arbeidslivsfag. Ein kan få erfaringar ein kan ta med seg vidare i livet og som er større sannsynleg å få bruk for i det seinare liv.

Med vennleg helsing ungdomsrådet i Vindafjord Kommune

020/25 Plan for førebygging av omsorgssvikt og utvikling av åtferdsvanskar 2026-2030

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar planen slik den ligg føre.

20.11.2025 Ungdomsråd

Behandling

Eit samla ungdomsråd tok saka til orientering og støtta kommunedirektøren sitt forslag til vedtak.

VUR - 020/25 Vedtak:

Ungdomsrådet tek saka til orientering og støttar kommunedirektøren sitt forslag til vedtak.

10.11.2025 Utval for oppvekst og omsorg**Behandling**

Turid Askeland, einingsleiar barnevern orienterte om saka før handsaming.

Kommunedirektørens framlegg til vedtak vert samrøystes vedtatt med 7 stemmer.

OPOM - 046/25 Vedtak:

Kommunestyret vedtar planen slik den ligg føre.

06.11.2025 Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetting**Behandling**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vert teke til orientering.

REF - 028/25 Vedtak:

Saka vert tatt til orientering.

021/25 Budsjett 2026 og økonomiplan 2026–2029**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

1. Kommunestyret vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett for 2026 og økonomiplan for 2026–2029 i tråd med vedlagte økonomiske oversikter.
 - a. Framlegg til netto driftsrammer per rammeområde i 2026 blir vedtatt, jf. § 5-4 sum løyvingsoversikt drift andre ledd, slik:
 - i. Administrasjon og fellesdrift: kr 69 795 608
 - ii. Oppvekst og kultur: kr 306 540 136
 - iii. Helse og omsorg: kr 388 557 684
 - iv. Forvaltning, drift og utvikling: kr 64 352 520
 - b. Framlegg til investeringsbudsjett med sum investeringsutgifter på kr 132 900 000 blir vedtatt, jf. §5-5 løyvingsoversikt investering første og andre ledd.
 - c. Framlegg til mål, delmål, strategiar, tiltak og verbalvedtak/oppdrag vert vedtekne slik dei går fram av budsjett og økonomiplan.
2. Kommunestyret vedtar låneporteføljen til Vindafjord kommune slik den går fram av vedlagt gjeldsoversikt og godkjenner:
 - a. Nytt låneopptak på kr 116 372 000 til finansiering av investeringsbudsjettet.

- b. Nytt låneopptak på kr 20 000 000 frå Husbanken til vidare utlån.
 - c. At alle lån i porteføljen kan verta refinansiert i inneverande år og budsjettåret 2026. Kommunedirektøren står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei låna han finn formålstenleg, uavhengig av opphavleg vedtak.
 - d. Ein trekkrett på inntil 20 mill. kr i tillegg til vedtekne låneopptak.
3. Kommunestyret vedtek satsar og gebyr for kommunale tenester i 2026 i tråd med framlegg til gebyrliste.
4. Kommunestyret vedtek at skatt på inntekt og formue for 2026 vert utskriven i samsvar med det høgaste skattøyre som Stortinget vedtar.
5. Kommunestyret vedtek at det skal krevjast eigedomsskatt for alle faste eigedomar i Vindafjord kommune i 2026, jf. eigedomsskattelova (ekstl.) § 3 bokstav a.
- a. Den generelle skattesatsen som skal gjelde for skattepliktige eigedomar vert sett til 6,5 promille, jf. ekstl. § 13.
 - b. For bustader og fritidseigedomar vert satsen sett til 4 promille, jf. ekstl. § 12a.
 - c. For utskriving av skatt på bustadeigedomar nyttar kommunen Skatteetaten sitt formuegrunnlag der dette er fastsett, jf. ekstl. § 8 C-1.
 - d. Nyoppført bygningar som heilt eller delvis vert brukt som bustad får fritak frå eigedomsskatt etter ekstl. § 7 bokstav c) i 5 år med verknad til kommunestyret a) endrar tal fritaksår eller b) opphevar fritaket.
 - e. Med heimel i ekstl. § 7 a og b, vert eigedommar åt stiftingar og institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten, samt bygningar med historisk verdi, friteke frå eigedomsskatt etter vedlagt fritaksliste. Andre eigedommar som er eigd av stiftingar eller institusjonar vil verte vurdert fritatt av kommunestyret på grunnlag av søknad.
 - f. Eigedomsskatten skal betalast i ein, fire eller tolv terminar, jf. ekstl. § 25.

20.11.2025 Ungdomsråd

Behandling

Eit samla ungdomsråd tok saka til orientering og støtta kommunedirektøren sitt forslag til vedtak.

VUR - 021/25 Vedtak:

Ungdomsrådet tek Budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 til orientering og støttar kommunedirektøren sitt forslag til vedtak.

10.11.2025 Utval for drift, utvikling og kultur

Behandling

Sak Budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 vart samrøystes teken til orientering av medlemmene i DUK.

DUK - 047/25 Vedtak:

Budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 vert teken til orientering.

10.11.2025 Utval for oppvekst og omsorg

Behandling

Sak Budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 vart samrøystes teken til orientering av medlemmene i OPOM.

OPOM - 050/25 Vedtak:

Budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 vert teken til orientering.

06.11.2025 Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetting

Behandling

Sak Budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 vart samrøystes teken til orientering av medlemmene i REF.

REF - 026/25 Vedtak:

Budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 vert teken til orientering.

04.11.2025 Formannskapet

Behandling

Sak Budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 vart samrøystes teken til orientering av medlemmene i formannskapet.

FS - 087/25 Vedtak:

Budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 vert teken til orientering.

022/25 Spørsmål til administrasjonen

20.11.2025 Ungdomsråd

Behandling

Ingen spørsmål.

VUR - 022/25 Vedtak: